

FJELLVARSEL

INFORMASJON FRÅ FJELL VATN, AVLØP OG RENOVASJON AS • HAUSTEN 2016

FOR HYTTEEIGARAR

rein vekst



FJELLVAR
VATN AVLØP RENOVASJON

Hytterenovasjon i Fjell

FjellVAR har sommaren 2016 hatt 97 innsamlingspunkt for hytterenovasjon i Fjell kommune. Fleire av desse er plasserte på stader som er vanskeleg tilgjengelege om vinteren, dei står nær kvarandre, eller dei er berre lite i bruk. Nokre blir også brukte av fastbuande. FjellVAR vil difor gjere fleire grep med hytterenovasjonen framover.

Til vinteren blir ein del av innsamlingspunktene tekne inn (sjå oversikt og kart på baksida). I framtida vil fleire punkt bli tilrettelagde for kasting av fleire fraksjonar, f.eks. papir, glas, metall og tekstilar.

Mange hytteeigarar har gjort om hytta til bustad eller bur på hytta store delar av året. Hos FjellVAR kan du teikne vanleg abonnement og få eigne bossoppang for restavfall, papir og matavfall, eller du kan heimekompostere.

Vi oppmodar også alle til å hente sekkar for oppsamling av hushaldningsplast, og strandryddesekkar hos oss i Lonavegen 20 på Straume. Utsortering av hushaldningsplast er eit viktig miljøtiltak, sidan plast er lite ressurskrevjande å gjenbruke. Strandryddesekken deler vi ut til alle som vil vere med på dugnaden for å rydde i strandsona.

Tekstilar kan alle kaste i skapa til Fretex og UFF. Desse står rundt om i Fjell kommune. Alt av reine og tørre tekstilar kan gå til gjenvinning. Sekker til innlevering av tekstil kan alle hente i Lonavegen 20 på Straume. Gå inn på nettsidene til Fretex og UFF for å finne din nærmaste container til tekstilar:
www.fretex.no/gi-til-fretex/
www.uffnorge.org/toyinnsamling/

Last ned appen til FjellVAR og få informasjon om opningstider, gjenbruksstasjonen, returpunkt og plassering av hyttecontainerar. Via appen kan du også komme i kontakt med oss.

Appen kan du laste ned frå App Store eller Google Play.

Desse hyttecontainerane blir tekne inn i vintersesongen

9	Nordre Knappen	Hjelteryggen
10	Søre Knappen	Hjelteryggen
11	Laksavikvegen	Anglevik
17	Foldnes snuplass	Foldnes
18	Lyngnesvegen	Straume
19	Tytebærbrekko	Straume
20	Lonavegen snuplass	Straume
24	Tyssøy bru	Bjørøy
44	Dalseidet	Dala
56	Eide	Eide
60	Langøybrua	Langøy
64	Syltøy kai	Syltøy
66	Kårtveitpollen	Ågotnes
69	Landrovågen	Landro
72	Svelgen bru	Misje

Sjå kart
på baksida




Hytteavfallet vert henta ein gong i veka om sommaren og kvar 14. dag om vinteren. Vintersesongen er frå 1. oktober til 1. april.



OFFENTLEG INFORMASJON • FJELLVARSEL FOR HYTTEEIGARAR • HAUSTEN 2016

Det er alltid ein
hyttecontainar
i nærleiken!

- Hyttecontainar
- Stor containar m/innkastluke
- Containar som blir teke inn i vinter



Besök bruktbua vår!

I bruktbua på gjenbruksstasjonen i Lonavegen 20 kan ein ta med seg det andre ikkje lenger har bruk for. Vi får inn mykje fine ting til heim og hytte. Ta ein tur innom bruktbua og finn deg nokre bøker eller anna neste gong du er på Straume!

www.fjellvar.as

Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon!